



Saksbehandlar: Sissel Lillebø Aarseth, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 17/4913-1

Kulturmidlar 2017 - utviklingstiltak

Fylkesdirektøren rår hovudutval næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

- Det vert løyvd kulturmidlar til følgjande nye utviklingstiltak i 2017:

Tittel på prosjekt	Søkjar	Tilråding
Rom for ord	Førde kommune	100 000
Produksjon av framsyninga Fugløya	Henriette Harbitz	35 000
"TELEGRAFEN"	Fredrik Høstaker	50 000
"The Yellow Wallpaper"	Jeff Pedersen	50 000
Regional plan for kultur, utarbeiding	intern	100 000
Sum		Kr 335 000

- Det vert løyvd midlar i 2017 til følgjande utviklingstiltak som også fekk midlar i 2016:

Tittel på prosjekt	Søkjar	Tilråding
Ambassade for Kjartanistan i Naustdal	Naustdal kommune	200 000
Vidareføring Filt for flukt år 2/3	OFFFROM STUDIO AS	75 000
Sum		Kr 275 000

- Det vert løyvd midlar til følgjande utviklingsavtalar i 2017:

Tittel på prosjekt	Søkjar	Tilråding
Utviklingsavtale	Sogn og Fjordane ungdomslag	150 000
Utviklingsavtale	Gloppen Musikkfest	240 000
Utviklingsavtale Ein god idrettskommune Framtidas idrett i Sogn og Fjordane Grenselause idrettsdagar NFF – folkehelsetiltak NSF - Ski i skulen	Sogn og Fjordane idrettskrins	200 000 240 000
Sum		Kr 830 000

- Det vert ikkje løyvd kulturmidlar utviklingstiltak 2017 til:

Tiltak:	Søkjar:
Laurdagsskulen	Norsk kulturskuleråd
Rekonstruksjon og kopiering av Hovemadonnaen, Hove steinkyrkje	Komit� v/ Kari Wiken Sunde

5. Kr 1 200 000 vert dekka av teneste 4005 til disposisjon for hovudutval for næring og kultur. Kr 240 000 vert dekka av teneste 4802 folkehelseprogrammet.
6. Vilkår for utbetaling av tilskot er at tiltaket vert gjennomført som søkt om. Godkjende planar, rapportar og rekneskap som gjeld det einskilde tiltak vert lagt fram, og at vilkår elles knytt til løyvinga er oppfylt.

Vedlegg:

1. Økonomisk oversikt over søknadane 2017

Andre relevante dokument i saka:

Retningsliner for kulturmidlar, vedteke i HNK-sak 87/16.

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Hovudutval for næring og kultur (HNK) disponerer midlar på teneste *4005 Til disposisjon for utvalet*. Det er sett av 1,850 mill. kr som HNK kan disponere i 2017, av dette er 1,675 mill. kr reservert kulturområdet. Dette gjeld ubundne midlar som vert fordelt av hovudutvalet for næring og kultur, og midlane skal ikkje nyttast til varige tiltak.

Det er tidlegare løyvt følgjande tilskot frå denne tenesta:

Regionale utviklingstiltak (næring) HNK-sak 19/17	kr 175 000
Vestnorsk filmsenter/filmfondet Zefyr; HNK-sak 23/17	kr 200 000
Friluftsråd HNK-sak 32/17	kr 200 000
Verdiskaping på kulturminneområdet HNK-sak 34/17	kr 100 000
Rest	kr 1 175 000

Fylkesdirektøren foreslår i denne saka å nytte 1,2 mill. kr til søknader om kulturmidlar til utviklingstiltak. Løyvinga ligg 25 000 kr over det som er sett av i budsjettet. Dette vert justert mot avsette midlar; *Kulturmidlar festivalar og tiltak, teneste 7900*. I tillegg vert det foreslått å løyve kr 240 000 frå *folkehelseprogrammet, teneste 4802*.

Søknadane som er vurdert i denne saka, er søknader som fylkesdirektøren vurderer å ha eit utviklingsperspektiv jf. retningslinene. Der ein viser i søknaden at ein ønskjer å undersøke nye tiltak og arbeidsformer og samarbeid, samt å realisere dristige nyskapande kultursatsingar.

I tillegg har fylkesdirektøren i medhald av delegert mynde løyvd kulturmidlar til kulturtiltak. Informasjon om desse løyvingane vert gitt til hovudutvalet som melding i møte 30.06.17.

2. Søknader 2017

1.1. Innleiing:

11 søknader er vurdert som utviklingstiltak. I tillegg er eit fylkeskommunalt tiltak teke med for løyving (utarbeiding av regional plan for kultur).

Det har kome inn 5 søknader om nye tiltak, av dette er 3 sceneproduksjonar som er utvikla av og med utøvarar i Sogn og Fjordane. 2 søknader er vidareførte tiltak som fekk midlar i 2016.

Fylkesdirektøren foreslår også å vidareføre 3 utviklingsavtalar. Utviklingsavtalen med Sogn og Fjordane idrettskrins inneheld også avtalar som særkrinsane har hatt med fylkeskommunen, og som no vert fasa inn i ein samla avtale med idrettskrinsen. Løyvinga til skikrinsen er dekt av administrativt vedtak i 2016, og løyving til tiltak i regi av fotballkrinsen vert dekka innan folkehelsebudsjettet (vidareføring). Utviklingsavtalen med idrettskrinsen inneheld ei løyving på

totalt 440 000 kr, av desse er 200 000 kr foreslått dekka via teneste 4005 hovudutvalet til disposisjon, og 240 000 kr frå folkehelsebudsjettet, teneste 4802. Fylkesdirektøren viser alle prosjekta i avtalane omtale/vurdering av tiltaka under.

1.2. Omtale/vurderingar/tilrådingar:

A) Nye søknader/tiltak

Tiltak	Rom for ord	Søkjær:	Førde kommune
Innhald:	<p>Nynorskbyen og Rom for ord søker om driftsmidlar på 600 000 kroner fordelt på 2017,18 og 19 til å etablere ein institusjon for eit utvida litterært kultur- og debatttilbod i den nye Sunnfjordkommunen. Førde vart "Årets nynorskkommune" i 2015. Utmerkinga er brukt til å utvikle eit større litterært kultur og debatt-tilbod gjennom satsinga "Rom for ord". Der ein i samarbeid ml. aktørar i kulturlivet, opplæringa, næringsliv og i frivillige lag og organisasjonar har gjennomført arrangement kring om i heile Sunnfjord.</p> <p>Rom for ord har det siste året gitt to lærdomar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • det er mogeleg å initiere og produsere, leggje til rette og koordinere, formidle og synleggjere nynorsk litteratur på ulike scener • at gjennom samarbeid og deling med private, offentlege og sivile aktørar blir vi betre. <p>Gjennom eit treårig prosjekt vil dei vidareføre og utvikle erfaringane. Målet er å etablere ein institusjon som sørger for eit utvida litterært kultur - og debatt - tilbod til innbyggjarane.</p> <p>Samarbeid er kjernen i arbeidsmetoden. Rom for ord si oppgåve har vore å tilføre det som trengst for at dei ulike tiltaka skulle kunne realiserast; initiere og produsere, leggje til rette og koordinere, formidle og synleggjere. Dette blir eit litteraturhus – på vår måte. Der Rom for ord vil arbeide for å vekkje interesse for lesing og litteratur, i ei brei forståing av omgrepene; Som tekst i samfunnet.</p> <p>Målsettinga er å etablere eit litterært arrangørledd som kan utvikle programtypar som går i dialog med distrikta sitt sær preg og våre føremoner:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Produksjon av nynorsk programinnhald - Litterære møtestader som brubyggjar i ny kommune - Å utvikle gode rammeverk for slike partnarskap er ein sentral del av arbeidet i det treårige prosjektet - Det vert tilsett ein prosjektleiar 		
Vurdering :	<p>Stort og ambisiøst prosjekt som er avhengig av medfinansiering frå mange partar. Krevjande å få i gong med dette ambisjonsnivået. Samtidig så kan det settast i gong og gjennomførast i mindre skala om det er situasjonen. Satsinga er i tråd med fylkeskommunen sin kulturstrategi. Det er også eit prosjekt som har verdi og overføringsverdi for større delar av fylket. Det er nyskapande og stimulerer til samarbeid på tvers.</p> <p>Fylkesdirektøren rår til at det vert løyvd midlar til prosjektet. Utbetaling føreset at tiltaket kjem i gang som skissert i søknaden. Løyvinga føreset også kommunal medfinansiering på same nivå. Det er likevel opning for at prosjektet kan skalerast ned etter reell finansiering. Tilskotet kan da bli redusert.</p>		
Budsjett:	700/1 250/ 1 250	Søknads- sum:	150 /300 /300 Tilråding: 100 000

Tiltak	Rekonstruksjon og kopierung av middelalderskulpturen "Maria frå Hove" – Hovemadonnaen	Søkjær:	Komité v/Kari Wiken Sunde
Innhald:	Rekonstruksjon og kopierung av middelalderskulpturen "Maria frå Hove" – Hovemadonnaen. Den ferdige kopien skal attendeførast til Hove steinkyrkje i Vik kommune. Madonnaskulpturen sto i steinkyrkja i 600 år, før ho seinare blei		

	<p>plassert i kyrkjesamlinga på museet i Bergen. Hovemadonnaen vert rekna som ein av dei vakraste middelalderskulpturane i Noreg. Prosessen med å få kopiert Hovemadonnaen har pågått i mange år. Moderne tekniske hjelpemiddel har no gjort det mogeleg å få skanna skulpturen, noko som var avgjerande for at Museet tillet kopiering. Dette arbeidet er no avslutta med suksess . Neste steg er at treskjerar Boni Wiik i samarbeid med museet skal utarbeida ein modell for utforming av dei manglante delane av skulpturen. Prosjektet er no komme so langt at komiteen har starta arbeidet med å søkja om økonomisk støtte til kopieringsarbeidet. Heile prosjektet er kostnadsrekna til om lag 1 million kroner.</p>				
Vurdering:	<p>Hove steinkyrkje er freda og difor av nasjonal verdi. Kyrkja er godt besøkt, og ein profesjonelt utført kopi av Hovemadonnaen i kyrkja vil gje besøkande ei enda større oppleveling av kyrkja og historia. I følgje budsjettet som ligg ved er det ikkje søkt Vik kommune om støtte. Fylkesdirektøren meiner dette er eit spennande prosjekt men søknaden er ufullstendig og det er ikkje vist til fullfinansiering. Difor rår fylkesdirektøren til å avslå søknaden i denne omgang.</p>				
Budsjett:	1 000 000	Søknadssum:	100 000	Tilråding:	0

Tiltak	"TELEGRAFEN"	Søkjar:	Fredrik Høstaker	
Innhald:	<p>TELEGRAFEN-prosjektet vart starta av fire kunstnarar frå Sogn og Fjordane: Maria Ulvestad (dansekunstnar), Jostein Avdem Fretland (komponist/forfattar), Oda Kirkebø Nyfløtt og Fredrik Høstaker (skodespelarar/scenekunstnarar). I tillegg står tekstilkunstnar Vilde Jensen Hjetland for utforminga av det visuelle uttrykket og regissør / dramatikar Miriam Prestøy Lie er med. Dei vil saman skape ei scenekunstoppleving på ein stad der det sjeldan er slike tilbod. Stykket vil ha premiere i Gamle Telegrafen på Lærdalsøyri sommaren 2018. Dei vil ikkje bruke ei vanleg scene, i staden vil historia fylle huset og omkranse publikum, i ei ikkje-lineær form.</p> <p>Framsyninga vil romme alle kunstgreinene, og er sett i ein framtidvisjon av Lærdal, år 2068 der dei vil drøfte ulike menneske- og livssyn, som utfordrar måten vi ser på individet sin plass i verda.</p> <p>Dei vil òg bruke prosjektet som eit springbrett til å laga nye scenekunstprosjekt i fylket, og på sikt utvikle eit dedikert nettverk for scenekunstnarar i og frå Sogn og Fjordane.</p> <p>Telegrafen-prosjektet vil gå inn i det pågående arbeidet med å styrke og samordne det profesjonelle kulturlivet i Lærdal, som er ein del av den store satsinga på kulturbasert reise- og næringsliv i bygda.</p> <p>Dei er i dialog med grunn- og kulturskulen i Lærdal om eit samarbeid òg satsar på å kunne involvere andre lokale krefter etter kvart, som aktørar, statistar og andre støttespelarar bak scena. Dette håpar dei vil auke det lokale eigarskapet til framsyninga, og invitere mange til å gå på ei type teateroppleving dei kanskje ikkje ville besøkt elles.</p> <p>Gjennom eit forprosjekt våren 2017 vil dei seks involverte kunstnarane samle trådane frå ein lengre prosess med utveksling av idear og kunstnarlege visjonar. Totalt vert det seks veker produksjonstid, der dei første tre vekene vil vere spreidd utover hausten 2017 og våren 2018. Prøveperioden vil vere dei tre første vekene i juni 2018. Framsyningane er rett etter denne perioden. Tal på framsyningar vil avhenge av finansiering og ekstern interesse, men det er budsjettert med 3 framsyningar. Framsyninga er eit lekk i programmet «Levande lokalar» i regi av Norsk design- og arkitektursenter, der Lærdal kommune er pilotkommune. Kommunen og Lærdal Næringsutvikling skal leggje til rette for auka aktivitet mellom anna gjennom nye kunst- og kulturopplevingar i Lærdal sentrum. Søkjarane er i dialog med Sogn og Fjordane teater som vil tilby m.a. teknisk bistand.</p> <p>Kostnadane inneholder både utvikling av framsyninga, honorar, reiseutgifter og opphaldsutgifter i prøveperioden og under framsyninga. Det er søkt om tilskot frå Kulturrådet, Lærdal kommune og private stiftingar. Det manglar budsjetterte billettinntekter.</p>			
Vurdering:	<p>Det er søkt om midlar til produksjon, prøvetid og framsyning av stykket. Kulturmidlar vert tildelt til tiltak med kunst og kulturføremål med regionalt</p>			

	<p>nedslagsfelt og vert tildelt til gjennomføring av t.d. framsyningar. Teateroppsettingar, med alle kostnader lagt til grunn, kan motta kulturmildar dersom det vert vurdert som eit tiltak av regional viktigkeit. Dette kan også dreie seg om ein tematikk det er prioritert å sette på dagsorden.</p> <p>Søkjaren har nytta seg av andre stønadsordningar for utvikling av manus og teaterproduksjonar som t.d. Norsk kulturråd sine ordningar.</p> <p>På bakgrunn av dette vurderer fylkesdirektøren at det vert løyvd midlar i meir avgrensa omfang enn søkt om til gjennomføring av prosjektet. Det vert føreset at tiltaket vert gjennomført som skissert i søknaden.</p>			
Budsjett:	911 000	Søknadssum:	100 000	Tilråding: 50 000

Tiltak:	"The Yellow Wallpaper"	Søkjar:	Jeff Pedersen			
Innhald:	<p>"The Yellow Wallpaper" er eit prosjekt som vil kombinere moderne dans, teater, innovativt scenedesign og original musikk til ein stadsspesifikk produksjon. Dei vil kreare ei daglegdags scene som gradvis vil bli meir og meir skremmende og mystisk. Dei vil utvikle nye måtar å arbeide på, nye metodar for samarbeid mellom moderne dans og teater for å skape eit unikt scenespråk. Stykket vil verte oversett til nynorsk. The Yellow Wallpaper er ei novelle skrive i 1892 av Charlotte Perkins Gilman og er sett på som eit viktig verk i amerikansk feministisk litteratur, men har ein universell og tidlaus relevans. Alle elementa i framsyninga, manus, scenografi, koreografi, musikk, regi og scena spelar saman for å få fram førelsar hos publikum. Dette krev godt samarbeid mellom det kreative teamet.</p> <p>Teamet består av Jeff Pedersen, regissør. Kristin Inao, koreograf. Tormod Lindgren, scenograf, Selma Stang, komponist, Sulekha Omar, dansar og Kjersti Elvik, skodespelar. Oversettar er Rolf Losnegård.</p> <p>Stykket gir ei oppleveling og tilnærming som ikkje er ofte tilgjengeleg i Sogn og Fjordane.</p> <p>Dei vil turnere i nedlagte bygg som fengsel, asyl og andre offentlege hus. Premiere på Harastølen i Luster og stykket vil turnere i Sogn og Fjordane. Planar om å vise stykket på Fløyen i Bergen, Buskerud Teater ønskjer å samarbeide om ein finn eigna lokalar.</p> <p>Finansiering: Uklart om budsjettpostane er løyvd, men stønad er budsjettert frå Kulturrådet, fritt ord og Norsk kulturfond. Det er budsjettert billettinntekter og stønad frå Luster og Askvoll kommune</p>					
Vurdering:	<p>Det er søkt om midlar til produksjon, prøvetid og framsyning av stykket jf. Vedlagt budsjett. Kulturmildar vert tildelt til tiltak med kunst og kulturføremål med regionalt nedslagsfelt og vert tildelt til gjennomføring av t.d. framsyningar. Teateroppsettingar, med alle kostnader lagt til grunn, kan motta kulturmildar dersom det vert vurdert som eit tiltak av regional viktigkeit. Dette kan også dreie seg om ein tematikk det er prioritert å sette på dagsorden.</p> <p>Søkjaren har nytta seg av andre stønadsordningar for utvikling av manus og teaterproduksjonar som t.d. Norsk kulturråd sine ordningar.</p> <p>På bakgrunn av dette vurderer fylkesdirektøren at det vert løyvd midlar til gjennomføring av prosjektet. Det vert føreset at tiltaket vert gjennomført som skissert i søknaden.</p>					
Budsjett:	1 060 000	Søknadssum:	50 000	Tilråding: 50 000		

Tiltak:	Produksjon av framsyninga Fugløya	Søkjar:	Henriette Harbitz	
Innhald:	<p>Søkjar om tilskot til produksjon av framsyninga Fugløya. Dette er ei internasjonal familieframsyning med kunstnarar frå Danmark, Polen og Noreg. Den ytre ramma i framsyninga er hendingar i løpet av ein dag på Fugløya. Det er fleire historier som blir fletta saman i kvarandre. Mammafugl og Pappafugl freistar å få livet til å gå rundt på øya, og dei må passa seg for ørna, som rett som det er kjem susande. Pappafugl vil helst spela på gitar, og mammafugl vil helst dansa og syngje. Forteljinga "Havmannens Sønn" av</p>			

	<p>Regine Normann er delvis fletta inn i fuglane sin dialog og delvis formidla av ein forteljar.</p> <p>Scenografien har eit rått og leikande uttrykk med foto i bakgrunnen som viser konturen av øya På scenen er det elles musikkinstrument, kablar og søppel. Lydopptak frå ei fugleøy i Nord-Troms er fletta inn i folketonar.</p> <p>Framsyninga er hovudsakleg ikkje-verbal. Det som fins av tekst kan spelast på norsk, tysk, polsk og engelsk. Det er ei episk framsyning, og målgruppa - born frå 4 år og oppover - opplever at dei store passar på dei små, og at kultur uttrykt gjennom dans, rørsle og musikk hjelper fuglemenneska i deira daglege dont. Framsyninga har og nokre interaktive element.</p> <p>Dei som er med er: Skodespelarane Zina Zagner (Polen) og Finn Steenfatt Thomsen (Danmark). Dokkespelar/forteljar: Henriette Harbitz Musikk: FS Thomsen. Scenografi/regi: H Harbitz/FS Thomsen. Produksjonsperiode: 01.01-30.06.2017 Premiere i perioden 29.05-03.06, anten i Szczecin v/Teatr Pleciuga eller i Sogndal. Det vert planlagt førebels 10 framsyningar i Sogndal, Førde, Sandane og Dale i Sunnfjord i løpet av 2017/18. Inntekter: Eigne midlar, sponsor og lønnsmidlar. Det manglar budsjetterte billettinntekter.</p>				
Vurdering:	<p>Det er søkt om midlar til produksjon og prøvetid for stykket jf. vedlagte budsjett. Kulturmidlar vert tildelt til tiltak med kunst og kulturføremål med regionalt nedslagsfelt og vert tildelt til gjennomføring av t.d. framsyningar. Teateroppsettingar, med alle kostnader lagt til grunn, kan motta kulturmidlar dersom det vert vurdert som eit tiltak av regional viktigkeit. Dette kan også dreie seg om ein tematikk det er prioritert å sette på dagsorden.</p> <p>Produksjonen har internasjonalt samarbeid og nyttar ein kombinasjon av fleire uttrykksformar. Målgruppa er born frå 4 år, desse får ikkje tilbod i DKS og det vert sett på som positivt at det vert laga produksjon for born under skulealder. På bakgrunn av dette vurderer fylkesdirektøren at det vert løyvd midlar til gjennomføring av prosjektet. Det vert føreset at tiltaket vert gjennomført som skissert i søknaden.</p>				
Budsjett:	85 000	Søknadssum:	35 000	Tilråding:	35 000

Tiltak	Regional plan for kultur	Søkjar:		
Innhald:	Regional planstrategi angir at det skal utarbeidast regional plan for kultur i perioden 2017 - 2018. Denne skal gjelde frå 2019. Dette er ein plan for heile regionen der ein samarbeider med partnarskapen om utarbeiding og prioritering. Særleg veklagt er samarbeid med kommunane og frivillig sektor. I planprosessen skal ein drøfte korleis kulturfeltet skal bidra til å oppfylle måla i regional planstrategi. Eit sentralt spørsmål er kva rolle kultur skal spele i samfunnsutviklinga. Fylkeskommunen er regional planmynde og skal sjå til at planen vert utarbeidd i medverknad med andre relevante aktørar.			
Vurdering:	For å ivareta ansvaret som regional planmynde og syte for at relevante partar medverkar i planprosessen treng ein noko midlar til å arrangere møte, kjøpe fri sentrale aktørar samt å innhente kunnskapsgrunnlag for planen. Fylkesdirektøren rår til at det vert sett av midlar til dette. Løyvinga må følgjast opp med ny løyving i 2018.			
Budsjett:		Søknadssum:		Tilråding: 100 000

B) Vidareførte tiltak:

Tiltak:	Norsk Kulturskuleråd Sogn og Fjordane	Søkjar:	Laurdagsskule					
Innhald:	Norsk Kulturskuleråd planlegg laurdagsskule for visuell kunst og ein for musikk. Har som målsetjing å tilføre dei unge kunstnariske talent spesialisert kompetanse innan dei ulike kunstformene og uttrykka og utvikle og støtte dei unge talenta. Tilbodet er tenkt bygd opp regionalt i fylket rundt eksisterande kompetansemiljø. Oppstart i 2017 og i 3 år framover. Finansiering: offentleg støtte og eigne midlar.							
Vurdering:	Fylkesdirektøren ser på dette som eit godt tiltak for motiverte elevar. Kulturskulerådet har tidlegare motteke tilskot til oppstart av Laurdagsskulen. Laurdagsskulen er eit godt supplement til kulturskuleundervisninga i kommunane og gir eit tilbod til motiverte og dyktige elevar i kulturskulen. Sidan dette er ei kommunal oppgåve og at det er løyvd midlar til tiltaket tidlegare rår fylkesdirektøren til å avslå søknaden.							
Budsjett:	350 000	Søknadssum:	100 000	Tilråding:	0			

Tiltak:	Filtforflukt	Søkjar:	OFFROM STUDIO AS					
Innhald:	<p>Korleis tek vi imot den framande? Kulturminister Widvey oppmoda kunstnarar til å bidra med kulturelle møteplassar. Filtforflukt er etablert som ein non profit organisasjon med mål om å skape gode vindauge for flyktingar å presentere seg i, og skal i utgangspunktet bidra til ein meir meiningsfull ventesituasjon. Aktiviteten er enkel og sosial og inkluderer alle aldrar, kjønn og grupperinger. Den er klassifisert som sosial skulptur.</p> <p>Det set nye norske utfordringar inn i eit tusenårig kulturperspektiv, tek i bruk kunnskap om klima og overleving i ein økologisk kontekst. Dei har etablert kontakt med flyktingmottaka i Sunnfjord og ønskjer å tilby bebruarane å delta i eit kunstprosjekt der dei opprettar produksjonseiningar for sosial skulptur gjennom filtproduksjon.</p> <p>I takt med nedbygging av mottakstilbodet har vi inkludert arbeidsinnvandring og aktivitet som styrker integrering.</p> <p>I 2016 henta vi god erfaringar med kulturaktivitet motivert av sportsarrangement og vi vil basere nye samarbeid på denne erfaringa, både Landsskyttarstemnet og Tour des Fjords angåande mulig produksjon av gåver til arrangement.</p> <p>Dei utvider Filtforflukt med ein produksjon trefigurar i ny design. Her ønsker vi å ta opp på Century of the child bevegelsen med røter i Europa og Sunnfjord på 1930-talet.</p> <p>I bytte for innsatsen frå flyktingar har Filtforflukt no oppretta ei ordning som skal gje flyktingar ein meir meiningsfull kvardag. Vi har fått på plass ei avtale om gjenbruk av datautstyr. Dette inneberer at Filtforflukt sel minnegåver frå arrangement og at overskot vert disponert til innkjøp og oppgradering, samt utdeling av pc- ar.</p>							
Vurdering:	<p>Eit kunstprosjekt som vender seg mot ei gruppe som elles har få tilbod som bebruarar på eit statleg mottak. Det vert arbeidd med integrering på ulike felt, men det er skjeldant å sjå kunstprosjekt. Dette vil synleggjere både flyktingane på mottak, vere eit tiltak for å møte andre samt å sette både kunst og kultur under debatt. Innfallsvinkelen med ull og bearbeiding av denne er eit felles material som har vore brukt i heile verda i all tid, som alle kan relatere til. Dei utvider til nok eit felles materiale, tre.</p> <p>På bakgrunn av at søkerane tek utfordringa frå statsråden og har ein kunstnarisk innfallsvinkel til dette bør fylkeskommunen støtte opp om eit unikt tiltak.</p>							
Budsjett:	410 000	Søknadssum:	200 000	Tilråding:	75 000			

Tiltak:	Ambassade for Kjartanistan i Naustdal	Søkjar:	Naustdal kommune		
Innhald:	<p>Naustdal kommune vil realisere ein Ambassade for Kjartanistan innan 2017. Gjennom å vekke undring ønskjer kommunen å skape endring. Inspirert av to spydspissar i norsk kunstliv, Kjartan Slettemark og Vevringutstillinga, er samtidskunst ei viktig drivkraft i utviklingsarbeidet. Barn og unge er hovudmålgruppe, både som utøvarar og publikum. Ein ser på korleis skule, barnehage og frivillige organisasjonar kan arbeide saman for å sikre eit trygt lokalsamfunn og gode rollemodellar både i skule- og fritid. Gjennom prosjektet driv kommunen ei alternativ arenautvikling. Kvardagsarenaer som skule og barnehage skal vere levande kunstlandSKAP. Prosjektet skal bygge på lokal eigenart, ha barn og unge som målgruppe, og styrke den kulturelle infrastrukturen lokalt og i regionen. Søknaden er knytt til realisering av naustdalsk-kjartanistanske kunstarenaer gjennom rehabilitering av Lunden barnehage og Naustdal barne- og ungdomsskule. Arenaen Lunden barnehage vert realisert i 2015, arenaen Naustdal barne- og ungdomsskule er under planlegging og står tidlegast ferdig i 2017.</p> <p>I 2017 er følgjande aktivitet planlagt:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Undrelunden: Ferdigstilling undringsnaust (gapahuk med lys/lyd), puddelpodium (utandørs scene) og kompetanseheving/terskelsenking for tilsette. - NBUndring: Ferdigstilling stjernehimling i baldakin og sol i amfiet, samt detaljplanlegging av lyddusj, trafikklys med interaksjon og universelt utforma innslag ved inngang til vekstbase. Dei ulike innslaga i uteområdet skal også forankrast i skulen sitt læringsarbeid, og kopling til skulen sitt årshjul og fagplanar vil skje i samarbeid med tilsette. <p>Dei vil ha eitt særleg fokus på kompetanseheving i Undrelunden i 2017. Prosjektskildringa for Ambassade for Kjartanistan legg opp til eit SlettemarkART-seminar ved avslutning av prosjektet. Kva form dette skal ha og når det skal gjennomførast er ikkje avklart endå.</p> <p>Dei har motteke 100 000 kr i kulturutviklingsmidlar i 2015 og 2016 til prosjektet. Dei har søkt treårig tilskot, 200 000 per år, totalt 600 000 kroner.</p>				
Vurdering:	<p>Gjennom prosjektet nyttar Naustdal kommune samtidskunst som drivkraft i utviklinga av stader i kommunen. Ein utforskar korleis samtidskunst kan vere med å vekke undring og igjen endring – utvikling – hos innbyggjarane. Dette er å sjå på som ei ny og dristig kultursatsing som blir spennande å følgje vidare. Søknaden oppfyller hovudkriteriet for kulturutviklingsmidlar og støttar opp om gjennomgåande perspektiv i kulturstrategien gjennom å ha barn og unge som hovudmålgruppe. Norsk kulturråd løvvde i 2014 1,5 mill. kr. til prosjektet gjennom ordningane Rom for kunst og Kunstløftet. Naustdal kommune søker om totalt 600 000 kr fordelt på 3 år. Fylkesdirektøren meiner søknaden kan støttast, men med eit mindre beløp enn det er søkt om. Det er eit godt prosjekt som no er inne i siste løvingsår og fylkesdirektøren rår til å heve løvinga i siste år.</p>				
Budsjett:	4 300 000	Søknadssum:	400 000	Tilråding:	200000

C) Utviklingsavtalar

Tiltak:	Utviklingsavtale 2017 - 2019	Søkjar:	Sogn og Fjordane idrettskrins
Innhald:	<p>Ny utviklingsavtale vert inngått mellom Sogn og Fjordane idrettskrins og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Tidlegare avtalar mellom krinsar og ulike avdelingar i fylkeskommunen vert innarbeidd i denne avtalen.</p> <p>Målet med avtalen er fysisk aktivitet for alle.</p>		

	<p>Idrettskrinsen får driftsstønad og prosjektstønad til desse utviklingstiltaka:</p> <p>«Ski i skulen» kr 100 000 som er utbetalt (restmildar frå 2016). Fylkeskommunen har hatt eigen utviklingsavtale med Skikrinsen om gjennomføringa av «Ski i skulen». Prosjektet omfattar 10-15 grunnskular og 700-750 elevar kvart år. Prosjektmidlane vert fasa ut i løpet av avtaleperioden og tiltaka må ev innarbeidast som ein del av drift.</p> <p>Fotballkrinsen, kr 240 000 til prosjekta:</p> <p>1) Safe sport/Trygg fotball 2) Helse 3) Inkludering 4) Barn/ungdom 5) Forsking/utvikling/HSF/Sogndal fotball Prosjektmidlane (teneste 4802 folkehelseprogrammet) vert fasa ut i løpet av avtaleperioden og tiltaka må ev innarbeidast som ein del av drift.</p> <p>Kr 200 000 til prosjekta:</p> <p>Ein god idrettskommune Vidareutvikle kompetansen til styra i idrettsråda gjennom årleg fellessamling for desse, samhandlingstiltak med fylkeskommunen, informasjonsmateriell og oppfølging av behov frå kvart idrettsråd.</p> <p>Framtidas idrett i Sogn og Fjordane» Gjennom fellesprosjektet «Framtidas idrett i Sogn og Fjordane» har idrettskrinsen lagt til rette for å bygge gode utviklingsmiljø i fylket gjennom: - styrka trenar og leiarkompetanse på tvers av særidrettar - bygge gode lokale utviklingsmiljø på tvers av idrettslaga i kommunen</p> <p>Grenselause idrettsdagar Grenselaus idrettsdag har etablert seg som ein viktig møteplass for menneske med funksjonsnedsetting med stor deltaking frå heile fylket. Idrettsdagen gir moglegheit til å prøve ulike idrettar, skape eit større nettverk, og få informasjon om moglegheiter i idretten.</p> <p>Prosjektmidlane vert fasa ut i løpet av avtaleperioden og tiltaka må ev innarbeidast som ein del av drift.</p>			
Vurdering	Dette er eit ledd i Idrettskrinsen si oppfølging av handlingsprogram i Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Dette er eit godt eksempel på dei synergiane vi ønskjer å løyse ut gjennom utviklingsavtalar, der aktørane bidreg til å oppnå regionale mål.			
Budsjett:	Søknadssum:		Tilråding:	440 000

Tiltak:	Utviklingsavtale	Søkjar:	Gloppen musikkfest
Innhald:	<p>Gloppen Musikkfest er både ei årleg kulturfest og ein organisasjon som arbeider året igjennom. Det er inngått ei vidare utviklingsavtale mellom fylkeskommunen og Gloppen musikkfest for 2016 – 2018. Gloppen musikkfest er den einaste klassiske musikkfestivalen i fylket. Den har utvikla seg frå ei lita hending til mange forgreiningar. Gloppen musikkfest mottekk no 3-årig stønad frå kulturrådet. Det er difor naturleg å sjå på Gloppen musikkfest som ein regional aktør.</p> <p>I 2017 er det store prosjektet å bringe Kringkastingsorkestret til fylket. Dei vil gi publikum i Sogn og Fjordane klassisk musikk - i det store orkesterformatet og det intime kammerformatet og skape aktivitet og nettverk mellom fagmiljøa i fylket.</p> <p>Det vert festival i Gloppen, satellittkonsertar med KORK-musikarar i Florø, Førde,</p>		

	Sogndal, Bremanger, Eid (og Volda), seminar på musikklinja på Firda VGs, for grunnskulelærarar i regionen, for distriktsmusikarane i fylket. Også i år skal dei ha ei eiga satsing på "Unge klassikarar" med konsertar og eige kammerseminar for desse. I tillegg til orkesterkonsert vert det kammerkonsertar i Floppen og i fylket og eigne barnehage- og skulekonsertar. Floppen musikkfest tek eit regionansvar for sjangeren klassisk musikk i Sogn og Fjordane og bidreg slik til mangfald i kulturtildelotet i fylket.			
Vurdering:	I avtaleperioden vil Sogn og Fjordane fylkeskommune støtte opp under arbeidet til Floppen musikkfest. Dette vert gjort gjennom samarbeid i felles saker, nettverksarbeid i regionen og mot andre forvaltningsnivå, marknadsføring og omtale der dette er naturleg, ein økonomisk føreseieleg avtale i perioden og bruk av Sogn og Fjordane fylkeskommune sin kompetanse i utviklingsarbeid. Det er avtalt å gi prosjektstønad for å følgje opp og å løfte fram unge klassiske musikarar frå fylket gjennom å skape ein arena der desse unge får kome "heim" og syne seg fram for eit breitt publikum. Floppen Musikkfest har søkt om auke i det generelle festivaltilskotet for 2017 med kr 90 000 (jf. orienteringssak) med tilvising til KORK-satsinga. Det generelle festivaltilskotet er helde på same nivå som tidlegare, kr 110 000. Fylkesdirektøren rår til at det vert løyvd 90 000 kr i tillegg til avtalt sum i utviklingsavtalen øyremarka utgifter knytt til at KORK kjem til festivalen 2017.			
Budsjett:	1 500 000	Søknadssum:	200 000	Tilråding: 240 000

Tiltak:	Utviklingsavtale 2016 - 2018	Søkjar:	Sogn og Fjordane ungdomslag			
Innhald:	<p>Utviklingsavtalen med SOFUL har som føremål å sikre arbeidet vidare med Huset i bygda. Målet er å skape og utvikle gode opne møteplassar som er tilgjengeleg for alle i lokalsamfunna i fylket gjennom satsinga Huset i bygda (HiB).</p> <p>Det er eit mål for samarbeidet at ein skal fokusere på at kulturbygga skal vere i bruk med aktivitet for ulike målgrupper og at det vert gjort gode behovsvurderingar i høve til aktivitet før ev. oppgraderingar og investeringar i bygga.</p> <p>I avtaleperioden skal ein prioritere å arbeide med:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Aktivitetkartlegging av organisasjonseigde kulturbygg. • Kartlegge aktivitet i husa. Vise fram gode døme på hus som er godt tatt vare på og har høg aktivitet. • Husbasen skal overførast til eit kartverktøy som er ope for alle. T.d. som eit temakart i fylkesatlas. • Ungdomslagshusa og andre opne lagshus skal vere tilgjengelege for alle ved å vere universelt utforma. <p>Det er tilsett ny dagleg leiar i HiB som tek til i arbeidet i august 2017. Arbeidet som er avtalt i utviklingsavtalen er begynt på og vert vidareført i 2017. Det er levert rapport og rekneskap for 2016.</p>					
Vurdering:	Det er viktig å ta vare på og styrke dei opne møteplassane i lokalsamfunna. Dette er eit godt samarbeidsprosjekt for fylkeskommunen, der ein også har med privat samarbeidspart gjennom Sparebankstiftinga.					
Budsjett:		Søknadssum:		Tilråding: 150 000		

3. Vurderingar og konsekvensar

Nivået på det enkelte tilskotet ligg i hovudsak på same nivå som tidlegare. Midlane er foreslått fordelt til satsingar som korresponderer med regionale planar og kulturstrategien sine satsingsområde. Prosjekt som har overføringsverdi for større delar av fylket, og som er nyskapande vert prioritert. Tiltak i regi av frivillige organisasjonar og det frie feltet vert prioritert samt søknader som er i tråd med prioriteringane i kulturstrategien.

Fylkesdirektøren legg også vekt på å stimulere den kunstfaglege utviklinga i fylket gjennom å støtte prosessane som på sikt leiar fram mot eit resultat, da dette er vanskeleg å få stønad til frå andre finansieringskjelder.

4. Konklusjon

Fylkesdirektøren viser til drøftingane over, og rår til løyvingar som vist i framlegg til vedtak.